



Vestland fylkeskommune

Plan for Jobbsjansen-del B- kombinasjonsklasser

Nye statlege oppgåver som er overført til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har overteke seks område på integreringsfeltet frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) frå 1. januar 2020, jf Meld. St. 6 (2018-2019)

Dette gjeld følgjande oppgåver:

- busetting av flyktningar
- kvalifiseringsarbeidet,
- førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- samarbeid med regionale sektorstyresmakter og fylkeskommunar, frivilligheit og samfunnsdeltaking
- to søkbare tilskotsordningar :
 - mentor- og traineeordning
 - etableraropplæring for innvandrarakar
- Samhandlingstiltak med kommunane om grunnskuleopplæring
 - jobbsjansen del B


Det overordna målet i den nasjonale integreringspolitikken er rask kvalifisering av flyktningar gjennom arbeid og utdanning. Oppgåveoverføringa og innhaldet i oppgåvene utfordrar oss på tverrsektorielt samarbeid, og gir handlingsrom for utforming av regional politikk, men og klare forventningar om resultat.

Jobbsjansen del B skal bidra til betre grunnskuleopplæring for innvandrarakdom i aldersgruppa 16-24 år. Målet med ordninga er å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring for innvandrarakdom. Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, , høyrer inn under målgruppa. Tidlegare var det fylkeskommunane som søkte IMDi om tilskot til dette arbeidet. No vert ordninga forvalta gjennom avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune.

Viser til tidlegare politisk **sak: 2020/41557-6**, der det er skissert at ei arbeidsgruppe utviklar plan for det vidare arbeidet. Skuleåret 2020-2021 vert tilbodet om meir grunnskuleopplæring i kombinasjonsklasser ført vidare i samsvar med tilbodet som finst i dag så langt det er søkjargrunnlag til dette. Det er mykje som tyder på at vi nasjonalt vil få ein modell for denne målgruppa som inneber eit samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune om eit felles tilbod. Viser her til rettleiar frå Udir: [Rettleiar](#) . Den nordlege delen av fylket har gjennom fleire år utvikla ein slik samarbeidsmodell som har gitt tilgang til meir grunnskuleopplæring i alle deler av fylket. Suksessfaktoren er at både kommune og fylkeskommune ser på utfordringsbilete med denne gruppa saman og finn gode løysingar til beste for både individ fram i tid og samfunnet som treng dei som aktive borgarakar.

Forpliktande samarbeidsavtalar og god dialog med kommunane er ein føresetnad for at tilbodet skal lukkast. For Vestland fylkeskommune er det eit mål å lage eit heilskapleg tilbod til målgruppa frå og med skuleåret 2021-2022.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd planen for utvikling av tilbodet av kombinasjonsklasser i Vestland. Tilbodet med kombinasjonsklasser i 2020 - 2021 er vidareført i tråd med tilbodet som var forrige skuleår. Desse skulane i Vestland har per no tilbod , totalt 110 elevar.



Målgruppe:

Minoritetsspråkleg ungdom mellom 16 og 24 år med eit grunnleggande norsknivå (A2)

Hovudmålet med ordninga:

Hovudmålet med ordninga er å bidra til betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tilbodet skal bidra til at ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, skal kunne få betre føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

Tilbodet inneheld:

- Fem grunnskulefag etter §4a-1
- Utdanningsval
- Kroppsøving

Målet er også at ungdom skal vere saman med anna ungdom i same aldersklasse og verte inkludert i eit læringsmiljø.

Forventa resultat - både kvalitative og kvantitative:

- Gje eit likeverdig tilbod til alle minoritetsspråklege
- Auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring slik at vi får dei som aktive samfunnsborgarar i arbeidslivet seinare

Organisering idag

Inntak skuleåret 2020-2021- midlertidig ordning

Inntaket for dette skuleåret er på linje med føregåande skuleår. Kommunane samhandlar tett med fylkeskommunen om å få aktuelle deltakarar til å gå i dette tiltaket. Her har det vore god dialog om kva kandidatar som har behov for grunnskuleopplæring før dei er kvalifisert til å kome seg vidare og starte på vidaregåande opplæring.

Beskrive inntakskrav og prosess rundt inntaket

Vestland fylkeskommune arbeider no for eit digitalt søkbart tilbod for heile fylket og at inntaket må skje i tett dialog med kommunane. Søkjarane søker på eit opplæringstilbod og ikkje på ein skule. Fylkeskommunen vurderer så i samråd med kommunane kvar vi skal tilby kombinasjonsklasser

Beskrive arbeid med dimensjonering og lokalisering

Tilbodet 2020/2021 er stasjonert på 8 ulike vidaregåande skular og fylkeskommunen vil bruke tida framover til å informere nye kommunar om tilbodet og ha tett dialog om korleis vi kan få til eit best mogleg kvalitativt tilbod om målgruppa og kvar det er behov for slike klasser. Fylkeskommunen vil også sjå på kor det vert busett flyktningar framover og kvar det er størst behov for kombinasjonsklasser i vurderinga av plassering av tilbodet.

Resultatoppfølging

Avdeling for opplæring og kompetanse lagar kvart år ein oversikt til evaluerings-samlinga i november der oppdaterte tal på gjennomføring og vidare inntak av tidlegare elevlar i kombinasjonsgruppen vert presentert. Her ser ein på kva ynskje elevane får inntak til etter gjennomført kombinasjonsgruppe, om dei får lærlingplass, og om dei fullfører innan normert tid.

Plan om felles ordinært inntak for kombinasjonsklasser i heile fylket.

Skuleår 2020-21	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge behov for fleire kombinasjonsklasser • Få fram statistikkgrunnlag på innvandrarungdom mellom 16 og 24. Dei med ungdomsrett i vidaregåande skule og som treng meir grunnskule • Invitere kommunar inn • Reforhandle samarbeidsavtalar p.g.a kommunesamanslåingar • Gå i dialog med nye kommunar • Inngå nye samarbeidsavtalar • Få starta nye tilbod • Evalueringssamling kvart år
2021-2022	<ul style="list-style-type: none"> • Profilere tilbodet vidare og gå i dialog med nye kommunar • Få starta opp nye tilbod
2022-2023	<ul style="list-style-type: none"> • Profilere tilbodet vidare og gå i dialog med nye kommunar • Få starta opp nye tilbod

Budsjett-statleg overføring og fylkeskommunale midlar

Tilskotet skal i sin heilskap nyttast til tilbod som vert omfatta av oppl. § 4A-1 andre ledd om meir grunnskoleopplæring for ungdom som har behov for det. Det betyr at det er kombinasjonsklasser der grunnskoleopplæringa skjer ved ein vidaregåande skule i eit inkluderande læringsmiljø med jamaldringar. Kommune og fylkeskommune bidreg med kvar sin del. Dvs. kommunane sitt budsjett skal vere tilsvarande det som er skissert under. Fylkeskommunen får no faste overføringar til dette tiltaket .Midlane vi totalt har til tiltaket vert fordelt utifrå tal deltakarar i kombinasjonsklasser for komande skuleår.

Budsjett kombinasjonsklasser skuleåret 2020-2021			
Overførte midlar til fylkeskommunen			kr 9 700 000,00
Fylkeskommunale midlar-eigendel SFJ			kr 3 800 000,00
Fylkeskommunale midlar-eigendel Hordaland			kr 300 000,00
Totalt			kr 13 500 000,00
Elevar SFJ		90	
Elevar Ho		20	
Totalt		110	
Tidlegare Sogn og Fjordane			kr 11 045 454,55
Tidlegare Hordaland			kr 2 454 545,45
Tildelt skulane:			kr 13 500 000,00

Aktuelle skjema og vedlegg:

[Opplæringslova § 4A-1 første og andre ledd](#)

[Regelverk](#) for minoritetsspråkleg ungdom mellom 16-24

[Rettleiar](#) - meir grunnskuleopplæring til ungdom

[Norskprøve](#) - Kompetanse Norge